

Årsmelding for 2019

Innleiing.

E134 Haukelivegen AS vart stifta 10. januar 2001 under namnet Haukelivegen AS og har vore i vanleg drift etterpå. Selskapet endra namn i 2013 til E134 Haukelivegen AS, samtidig som føremålet blei utvida til å omfatte RV23.

Føremålsparagrafen er etter siste endringar slik:

Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrker arbeidet for korridoren.

Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap.

Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbytte.

Arbeidet i 2019.

Det er halde 3 styremøte i E134 Haukelivegen AS i 2019.

Det har vore stor aktivitet i 2019 både frå styret og frå dagleg leiar si side.

Møter.

Selskapet eller delar av styret har i løpet av året mellom anna hatt møter og kontakt med:

- Statens Vegvesen
- Nye Veier AS
- Parti, fylkesgrupper og enkeltrepresentantar på Stortinget
- Kontakt med medlemmer av Transportkomiteén
- Politisk leiing i Samferdselsdepartementet
- Ein del av aksjonærane i selskapet
- Andre samarbeidspartar, m.a. regionråd og næringsorganisasjonar

Selskapet har vore representert på ulike konferansar og møte, både som deltakar og med innleiingar. Så langt vi kan og det er relevant, prøver vi å vere tilstades og på den måten synleggjere våre interesser.

Selskapet har vore med og arrangert 3 vegkonferansar med brei og god deltaking:

Den 29. mars i Tysvær i samarbeid m.a. med Haugaland Vekst IKS og Tysvær kommune. Tema E39 og E134.

Den 12. juni i Røyken i samarbeid med Røyken kommune og Røyken næringsråd. E134 med fokus på E18-E6.

Den 18. november i Kongsberg i samarbeid med Kongsbergregionen og Vegforum øst-vest.

Vi arrangerte synfaring 21. august langs heile E134 med busstur (Haukeliekspressen) med mange deltakarar.

Anna.

Av formelle/praktiske saker styret og administrasjon har arbeidd med, er:

- Arbeidsplanar og budsjett
- Løpande økonomirapportering
- Avvikling av generalforsamling 25. juni 2019
- Kapitalforvaltning og disponering av bankinnskott

Styre og administrasjon.

I 2019 har styret vore samansett slik:

Styret

Roald Aga Haug, ordfører i Odda, **Styreleiar**
Gry Anette Rekanes Amundsen, Nome **Nestleiar**
Knut Duesund, Telemark FK
Atle Kvåle, Hordaland FK
Arne Bergsvåg, Rogaland FK
Laila Irene Johansen, Kongsberg,
Hilde Thorud, leiar Røyken næringsråd
May Britt Vihovde, Haugesund
Harald Grande, Tizir AS - Odda
Bjørn Sverre Sæberg Birkeland, Tinn

Varamedlemer:

1. Leif Malvin Knutsen, Karmøy.
2. Petter Ellefsen, Vekst i Grenland, Grenland havn
3. Aase Simonsen, Karmøy. Rogaland fylkesting
4. Halfdan Haugan, Seljord
5. Sigrid Brattabø Handegard, Jondal
6. Siri Klokkestuen, Etne
7. Bengt Halvard Odden, ordfører i Hjartdal
8. Ruth Grethe Ø. Eriksen, varaordfører i Sveio
9. Else Marie Rødby, Hurum
10. Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad

Valkomite er Petter Steen jr, Haugesund (leiar), Kari Anne Sand, Kongsberg, John Skogseth, Jondal og Anne Aasmundtveit, Kviteseid.

Selskapet har ikkje tilsette i eigen regi, men kjøper administrative tenester. Det er derfor ikkje utbetalt løn til dagleg leiar. Dagleg leiar er Børge Skårdal. På grunn av alder vil han pensjonere seg. Prosess med å finne ny dagleg leiar er i gang. Styret har vedtatt å tilsetje dagleg leiar i fast og full stilling.

Styreonorar er utbetalt i samsvar med generalforsamlingsvedtak.

Aksjonærforhold.

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 460.000, fordelt på 44 aksjonærer. Aksjekapitalen er fullt innbetalt. Det har ikkje vore endring i aksjonærlista i 2019. Det blir noen endringar i dette pr. 1.1.2020 på grunn av endringar i strukturen for kommunar og fylkeskommunar. Som eit resultat av dette har 2 kommunar (Ullensvang og Asker) nå ein større eigardel enn dei andre aksjonærane.

Aksjonærane og aksjefordeling pr. 01.01.2020 er:

Rogaland Fylkeskommune	10	Kvinnherad kommune	10	Asker kommune	20
Haugesund kommune	10	Vestfold og Telemark Fylkeskommune	10	Fyresdal kommune	10
Sauda kommune	10	Vinje kommune	10	Bamble kommune	10
Karmøy kommune	10	Tokke kommune	10	Porsgrunn kommune	10
Tysvær kommune	10	Seljord kommune	10	Skien kommune	10
Vindafjord kommune	10	Hjartdal kommune	10	Vest-Telemark Kraftlag AS	10
Suldal kommune	10	Midt-Telemark kommune	10	Tide ASA	10
Vestland fylkeskommune	10	Kviteseid kommune	10	Notodden Utvikling AS	10
Stord kommune	10	Notodden kommune	10	Telemark Bilruiter AS	10
Bømlo kommune	10	Nome kommune	10	SD Cappelen ANS	10
Etne kommune	10	Tinn kommune	10	Midt-Telemark Næringsutvikling AS	10
Sveio kommune	10	Viken fylkeskommune	10	Fatland Ølen AS	10
Bjørnafjorden kommune	10	Kongsberg kommune	10	Vest-Telemark Næringsbygg AS	10
Kvam herad	10	Drammen kommune	10	SUM	460
Ullensvang kommune	30	Lier kommune	10		

Rammer og prosjektomtale

Aust/vest-utgreiinga 2014.

Statens vegvesen anbefalte i aust-vestutgreiinga å satse på to aust-vestkorridorar i Sør-Norge. Dette er E134 m/ arm til Bergen og RV52 (Hemsedal) m/ forlenging mot Sogn og Møre via RV5.

Regjeringa sin konklusjon på aust-vestutgreiinga blei val av E134 som den eine hovudvegen aust-vest. I tillegg blei KVVU og seinare KS1 for strekninga Vågsli-Gvammen gjennomført slik Statens vegvesen hadde anbefalt. Etter KVVU/KS1-prosessen ligg konklusjonen om å legge E134 på denne strekningen i ny og innkorta trasé fast.

Analyse frå Nye Veier AS i 2019.

Som del av eit oppdrag frå Samferdselsdepartementet har selskapet Nye Veier AS gjennomført ei sjølvstendig analyse der målet har vore å finne beste rute mellom Oslo og Bergen. Deira konklusjon er i all hovudsak samanfallande med analysen til Statens vegvesen om at E134 over Haukeli er den beste og rakaste ruta.

Nasjonal transportplan 2018-29.

Samferdselsdepartementet/Regjeringa la fram Stortingsmeldinga 5. april 2017.

I Stortingsmeldinga er det sett av oppstartmidlar for bygging av tunnellop nummer to under Oslofjorden, men ikkje til andre større prosjekt på E134.

For fjellovergangen Seljestad-Røldal-Vågsli, er status i forhold til Stortingsmeldinga følgjande:

Seljestad-Røldal er fullfinansiert i siste seksårsperiode med 2,9 mrd. Av dette er 0,5 mrd bompengefinansiering. Både statleg del og bompengedelen er redusert i forhold til plangrunnlaget.

Etter stortingsbehandlninga er det lagt opp til byggestart i slutten av første seksårs-periode, dvs. 2022/-23 med bruk av låneopptak basert på bompengedelen av finansiering.

Røldal-Vågsli har fått ein liten oppstartbevilgning på 0,3 mrd av ein totalkost på 4 mrd. Mest realistisk byggestart er 2029.

For andre prosjekt på E134 er status følgjande:

Husøy hamn (Karmøy). Prosjektet er fullfinansiert, men tidlegaste byggestart er 2024.

Saggrenda-Elgsjø. Prioritert 0,4 mrd av 2 mrd i totalkostnad. Realistisk byggestart 2028.

Strømsåstunnelen. Utviding med løp nummer to. Prioritert 0,4 mrd av totalkostnad 1,6 mrd. Realistisk byggestart 2028.

Aksdal/Våg. Dette er fellesstrekning med E39. Prioritert 0,5 mrd av totalkost 1,4 mrd. Realistisk byggestart 2028.

NTP 2022-33.

For komande NTP-rullering er selskapet sin førsteprioritet at første byggetrinn blir starta opp i 2022/23 og at også andre byggetrinn blir ferdigstilt i løpet av NTP-perioden.

I tillegg arbeider vi for byggestart i første seksårs-periode på strekninga Bakka-Husøy hamn og strekninga Saggrenda-Elgsjø.

Vi reknar med at det som ein del av NTP-prosessen blir avklart om E134 vil vere ein del av portefølje-utvidinga til Nye Veier AS. Styret ser på dette som ei mulighet til å få ei meir samanhengande utbygging av E134 og med ein høgare standard enn det som så langt er lagt til grunn. For styret er det likevel ikkje avgjerande kven som bygger vegen, men at den blir bygd.

Byggeaktivitet.

E134 i Tysvær, Vindafjord og Etne.

Ny og større rundkjøring i Aksdal (kryss med E39) er nå ferdig. GS-veg Ølen-Ølensvåg nærmar seg ferdigstilling. Ny GS-veg og ny undergang i Ølen vil gje betre trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. I handlingsprogrammet for inneverande NTP er det i tillegg sett av betydelege midlar til oppgradering av nåverande veg mellom Ølen og Etne.

E134 Morgedal-Høydalsmo.

Etter fleire års arbeid med på denne strekninga, var det offisiell opning hausten 2019. Sjølv om dette er eit oppgraderingsprosjekt, framstår vegen med høg kvalitet og som både sikrare og raskare enn tidlegare.

E134 Mælefjelltunnelen.

Etter om lag fem års byggetid blei den nye vegen opna av m.a. samferdselsministeren like før jul. Med dette blir regulariteten for trafikantane betre og kjøretid og drivstoff-forbruk kraftig redusert. Det økonomiske omfanget av prosjektet er om lag 2,2 mrd. Det blir arbeid med vidareføring av prosjektet i retning Seljord for å fjerne det store standardspranget som nå er etablert.

E134 Kongsberg (Damåsen-Saggrenda).

Prosjektet har blitt litt forsinka. Delar av prosjektet er tatt i bruk og heile prosjektet er venta ferdigstillt sommaren 2020. Økonomisk omfang av prosjektet er opp mot 4,5 mrd.

E134 Langebru – Mjøndalen.

Prosjektet inneber å etablere midtdeler på ein 7 km lang strekning og på 1,5 km av denne å etablere firefelts veg.

RV36.

Langs **Seljordsvatn** (på Strekninga Bø-Seljord) er det starta utbetring av 2 mindre strekningar på i alt om lag 3 km med ein kostnad nær 300 mill kr. Prosjektet er 100% bompengefinansiert. Byggetid om lag 2 år.

Planaktivitetar.

E134 Seljestad-Liamyrane (Røldal) – Vågsli.

Etter mange års arbeid er nå alle reguleringsplanar for fjellovergangen godkjende i kommunane Odda og Vinje. Arbeidet med finansiering av første byggetrinn (Seljestad-Liamyrane) pågår nå. Dette arbeidet vil kulminere i ein Stortingsproposisjon etter at det er innhenta lokal og fylkeskommunal godkjenning av bompengedelen. Selskapet si forventning til Samferdselsdepartementet og Stortinget er at proposisjonen blir lagt fram og godkjend i vårsesjonen 2021.

Prosjektet skal delvis bompengefinansierast med om lag 500 mill av total prosjektkostnad på 3 mrd. Andre byggetrinn (Liamyrane-Vågsli) har ei tilsvarande fordeling med om lag 500 mill i bompengar av ein total kostnad på 4 mrd.

E134 Gvammen-Saggrenda.

For strekninga Gvammen-Saggrenda er det gjennomført KVU og KS1 for noen år sidan (2012). Det er i 2019 starta arbeid med reguleringsplan for den delen av prosjektet som er omtalt i inneverande NTP (Saggrenda-Elgsjø. Målet er ferdig og godkjent plan i løpet av 2020. Prosjektet ligg i kommunane Kongsberg og Notodden.

RV36.

Det er i 2018 gjort ei analyse av RV36 som blir lagt til grunn m.a. for arbeidet med NTP. Vidare planlegging av RV36 gjennom Grenland vil bli tatt som ein del av planlegging i samband med byvekstavtale for Grenland.

Det blir nå arbeid med kommunedelplan for RV36 gjennom Porsgrunn og Skien – strekninga xE18 – Skyggstein. Dette er eit sentralt prosjekt for å koble E134 til E18 og dermed koblinga mellom viktige havner og industriområde langs kysten med næringsliv og byane på Vestlandet.

E134 Lier – Frogn.

Reguleringsplanar for nytt løp i Oslofjord-tunnelen er vedtatt i begge kommunar (Hurum og Frogn). Regjeringa har nå avklart at sambandet skal byggjast ut til firefelts veg på strekninga Vassum (xE6) til Verpen i Hurum. Byggeplanlegging pågår nå og mulig byggjestart er 2022. Prosjektet, inkl. oppgradering av nåverande tunnelar, skal vere ferdig i 2027. Strekninga er prioritert i inneverande NTP. Strekninga Dagslett-E18 involverer kommunane Lier og Asker (tidlegare Røyken). Statens vegvesen er nå i gang med ny kommunedelplan for strekninga. Vidare framdrift er uavklart.

RV13 Oddadalen. Arm til Bergen.

Det ligg føre godkjend kommunedelplan for RV13-Oddadalen. Ein del av den godkjende planen medfører også ei mindre omlegging av E134 med litt innkorting og reduksjon av høgdemeter. Dette prosjektet er svært viktig for å koble på denne delen av Hordaland betre. Strekninga er rasutsett, svært smal og gir utfordringar vinterstid. Oddadalen er første etappe, sett frå E134, i Vegvesenet sitt forslag om å bygge ut fergefri arm til Bergen. Dette vil vere den løysinga som gir kortast veg Oslo-Bergen og dermed også kortast samband til Bergen frå Agder, Telemark, Buskerud og Vestfold.

Andre forhold.

- Selskapet sitt årsresultat er kr.66.310 som ein foreslår overført til eigenkapital.
- Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, og rekneskapan for 2019 er gjort opp under denne føresetnaden. E134 Haukelivegen AS er innvilga skattefritak.
- Midlar som selskapet ikkje treng til dagleg drift er plassert på kapitalkonti på best mulige vilkår. Det er for tida svært låge renter.
- Selskapet har ingen aktivitet som ureinar det ytre miljøet.
- I 2019 er det utgiftsført kr.16.100 til revisor for revisjon. Selskapet sin revisor er Odda revisjon AS v/ Terje S. Bråvoll, revisornummer 997 726 316.

Styret kjenner elles ikkje til forhold av betydning for vurderinga av selskapet si stilling og resultat, og som ikkje kjem fram av rekneskapan. Grunnlaget for framhald av drifta er etter styret sitt syn til stades. Det har etter utløpet av rekneskapsåret ikkje oppstade forhold som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av årsrekneskapan.

Bergen, 29. januar 2020,


Roald Aga Haug
Styreleiar


Gry Anette Rekanes Amundsen
Nestleiar


Bjørn Sverre Sæberg Birkeland


Laila Irene Johansen


Hilde Thorud



May Britt Vihovde


Atle Kvåle


Knut Duesund


Arne Bergsvåg


Harald Grande


Børge Skårdal
Dagleg leiar

**Årsregnskap 2019
for
E 134 HAUKELIVEGEN AS**

Organisasjonsnr. 982420857

Resultatregnskap

	Note	2019	2018
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salgsinntekt	1	1 223 500	1 213 500
Annen driftsinntekt		275 769	0
Sum driftsinntekter		1 499 269	1 213 500
Driftskostnader			
Lønnskostnad	2	122 701	88 824
Annen driftskostnad	2	1 358 672	1 341 663
Sum driftskostnader		1 481 373	1 430 487
DRIFTSRESULTAT		17 896	(216 987)
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		48 485	22 219
Sum finansinntekter		48 485	22 219
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		70	207
Sum finanskostnader		70	207
NETTO FINANSPOSTER		48 415	22 012
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		66 310	(194 976)
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		66 310	(194 976)
ÅRSRESULTAT		66 310	(194 976)
OVERF. OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		66 310	(194 976)
SUM OVERF. OG DISP.		66 310	(194 976)

Balanse pr. 31.12.2019

	Note	31.12.2019	31.12.2018
EIENDELER			
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Andre kortsiktige fordringer		64 912	56 554
Sum fordringer		64 912	56 554
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	3 716 100	3 734 301
SUM OMLØPSMIDLER		3 781 012	3 790 855
SUM EIENDELER		3 781 012	3 790 855
 EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital (460 AKSJER A 1.000)	1	460 000	460 000
Sum innskutt egenkapital		460 000	460 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	1,4	3 111 663	3 045 352
Sum opptjent egenkapital		3 111 663	3 045 352
SUM EGENKAPITAL		3 571 663	3 505 352
 GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		104 494	94 633
Skyldig offentlige avgifter		44 667	30 870
Annen kortsiktig gjeld	5	60 188	160 000
SUM KORTSIKTIG GJELD		209 349	285 502
SUM GJELD		209 349	285 502
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		3 781 012	3 790 855

Bergen, 29. januar 2020

Roald Aga haug
Styreleiar-----
Laila Irene Johansen
Styremedlem-----
May Britt Vihovde
Styremedlem-----
Gry A. R. Amundsen
Nestleiar-----
Knut henning Duesund
Styremedlem-----
Atle Kvåle
Styremedlem-----
Arne Bergsvåg
Styremedlem-----
Harald Grande
Styremedlem-----
Bjørn S.S.Birkeland
Styremedlem-----
Hilde Thorud
Styremedlem-----
Børge Skårdal
Dagleg leiar

Noter 2019

Regnskapsprinsipp:

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, samt postar som knyter seg til varekretsløpet. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og pårekna verkelig verdi (Lågaste verdi prinsipp).

Anleggsmidlar og langsiktig gjeld

Anleggsmidlar omfatter eigneluter bestemt til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar er vurdert til kostpris. Varige driftsmidlar blir balansført og avskreve over den venta økonomiske levetida til driftsmiddelet. Varige driftsmidlar blir skrevne ned til verkeleg verdi ved verdifall som vert pårekna ikke å være forbigående. Nedskrivingar blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikke lenger er til stades.

Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter satsar fastsett av Generalforsamlinga og fakturert på årsbasis.

Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittlegkostpris og netto salgsverdi (lågaste verdi prinsipp).

Fordringar

Kundefordringar blir ført opp i balansen til pålydande verdi etter frådrag for avsetnad til påregna tap. Avsetning til påregna tap blir gjort på grunnlag av en individuell vurdering av dei einskilde fordringane.

Andre fordringar får ei tilsvarende vurdering.

Skatt

Selskapet er ikkje skattepliktig for si verksemd då det ikkje har som føremål å driva med overskot. Selskapet er eigd med 82,2% av kommunar og fylkeskommunar og utfører betalte oppgåver på vegne av kommunar og fylkeskommunar for å betra kommunikasjon og vegar knytt til E-134.

Noter 2019

Note 1 - Selskapskapital

Aksjekapitalen i E134 Haukelivegen AS er samansett av 460 aksjar pålydande kvar kr 1.000, tilsaman kr 460.000. Selskapet har 46 aksjonær. 82,6% av aksjane er eigd av kommunar eller fylkeskommunar, og 17,4% er eigd av private føretak.

Aksjonærane i Haukelivegen AS var pr 31.12.19:

Navn	Antal	Pålydande	Beløp	Inntekt fra i 2019	Inntekt fra i 2018
Rogaland Fylkeskommune	10	1.000	10.000	68.000	68.000
Haugesund kommune	10	1.000	10.000	37.000	37.000
Sauda kommune	10	1.000	10.000	21.000	21.000
Karmøy kommune	10	1.000	10.000	37.000	37.000
Tysvær kommune	10	1.000	10.000	26.000	26.000
Vindafjord kommune	10	1.000	10.000	24.000	24.000
Suldal kommune	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Hordaland fylkeskommune	10	1.000	10.000	68.000	68.000
Odda kommune	10	1.000	10.000	23.000	23.000
Stord kommune	10	1.000	10.000	32.000	32.000
Jondal kommune	10	1.000	10.000	18.000	18.000
Bømlo kommune	10	1.000	10.000	26.500	26.500
Etne kommune	10	1.000	10.000	20.500	20.500
Sveio kommune	10	1.000	10.000	22.000	22.000
Kvinnherad kommune	10	1.000	10.000	28.000	28.000
Ullensvang herad	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Fusa kommune	10	1.000	10.000	20.500	20.500
Vestfold & Telemark fylkeskommune	10	1.000	10.000	68.000	68.000
Vinje kommune	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Tokke kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Seljord kommune	10	1.000	10.000	20.000	20.000
Hjartdal kommune	10	1.000	10.000	18.500	18.500
Midt-Telemark kommune	10	1.000	10.000	22.500	22.500
Kviteseid kommune	10	1.000	10.000	19.000	19.000
Tinn kommune	10	1.000	10.000	22.000	22.000
Notodden kommune	10	1.000	10.000	27.500	27.500
Kongsberg kommune	10	1.000	10.000	27.000	27.000
Fatland Ølen AS	10	1.000	10.000	6.300	6.300
Tide ASA	10	1.000	10.000	6.300	6.300
Telemark Bilruter AS	10	1.000	10.000	6.300	6.300
SD Cappelen ANS	10	1.000	10.000	6.300	6.300
Notodden Utvikling AS	10	1.000	10.000	12.500	12.500
Midt- Telemark Næringsutvikling AS	10	1.000	10.000	12.500	12.500
Vest-Telemark Kraftlag AS	10	1.000	10.000	6.300	6.300
Nome kommune	10	1.000	10.000	22.500	22.500
Vest-Telemark Næringsbygg AS	10	1.000	10.000	12.500	12.500
Hurum kommune	10	1.000	10.000	25.000	25.000
Røyken kommune	10	1.000	10.000	35.000	35.000
Drammen kommune	10	1.000	10.000	37.000	37.000
Lier kommune	10	1.000	10.000	37.000	37.000
Viken fylkeskommune	10	1.000	10.000	68.000	68.000
Fyresdal kommune	10	1.000	10.000	18.500	18.500
Bamble kommune	10	1.000	10.000	28.500	28.500
Porsgrunn kommune	10	1.000	10.000	37.000	37.000
Skien kommune	10	1.000	10.000	37.000	37.000
Kvam Herad	10	1.000	10.000	24.000	24.000
Totalt	460		460.000	1.223.500	1.223.500

Noter 2019

Note 2 - Lønnskostnad

Løn mv er sammansett av :

	2019	2018
Styrehonorar	90.600	62.625
Ref.løn firma	8.922	6.250
Anna godtgjersle	11.419	12.038
Arbeidsgjevaravgift	11.760	7.911
Sum	122.701	73.056

Note 3 - Bankinnskott, kontantar o.l.

Skattetrekkinnskott er pr 31.12. i år kr 34 218 og var pr 31.12. i fjor kr 24 233.

Note 4 - Annan egenkapital

	Aksjekapital / selskapskapital	Overkurs	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr 1.1.	460 000	0	3 045 352	3 505 352
+Fra årets resultat			66 310	66 310
Pr 31.12.	460 000	0	3 111 663	3 571 663

Note 5 - Annan kortsiktig gjeld og motteke tilskott

Annan kortsiktig gjeld medtekne påløpte kostnader pr 31.12.19.

Påløpt revisjonshonorar	kr 10.000
Påløpte prosjektkostnader	kr. 50.000